

Sak 1/2018: Gjennomgang av referat frå styremøtet i Vestkystparken 5.april 2018

Sak 2/2018: Rekneskap og budsjett

v/Fritjof/Eirik

Sak 3/2018: Studietur 2018. Forslag til program og praktisk gjennomføring.

v/Eirik

Sak 4/2018: Vestkystparken.no og forvaltingsløysinga

v/Frithjof

Nettsida til Vestkystparken trengs å oppdaterast. Forvaltingsløysinga Avinet må evt bli implementert i kvart friluftsråd for å kunne samkøyre for direkte overgang og oppdatering av data i Vestkystparken. BOF har sjekka med Asplan Viak om pris for ei utgreiing. Miljødirektoratet er invitert til å halde innlegg og diskutere forvaltingsløysningar på styremøtet 30.8.

Sak 4/2018: Eventuell utviding av Vestkystparken.

v/Britt Karen

I samband med regionreforma bør ei utviding av Vestkystparken nordover vurderast. Fjordkysten friluftsråd, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Sunnmøre friluftsråd kan vere aktuelle kandidatar som operatørar for Skjærgårdstenesten. Alle deltek på studietur og får observasjonsstatus under styremøtet. Om fleire aktørar skal inkluderast i samarbeidet er det ein føresetnad om friske driftsmidlar frå det offentlege. Møre og Romsdal fylkeskommune har løyvd ei årleg ramme på inntil 400 000 kroner til drift av skjærgårdsteneste + 2.5 millionar kroner til ny båt og driftsutstyr. Miljødirektoratet hadde før sommaren ikkje avklart kor mykje Skjærgårdstenesten i Møre og Romsdal vil få i tildeling for 2018. Vestkystparken er omtala i dokumenta knytt til det nye Vestlandsfylket og vil vonaleg verte ein del av budsjettprosessen i Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2019.

Vestlandsrådet engasjerer seg sterkt i arbeidet mot marin forsøpling, og satsar på friluftsråda og Skjærgårdstenesten som viktige verkemiddel i arbeidet. Korleis bør dette følgjast opp frå Vestkystparken si side?

Sak 5/2018:

Nytt namn på Vestkystparken

v/Eirik

Namn og logo bør reflektere ei felles forståing av kva og kven Vestkystparken er. Mange kjenner til Skjærgårdstjenesten, men ikkje like mange er kjent med kva Vestkystparken er. Viktig også å sjå i samanheng med ei evt utviding av Skjærgårdstenesten nordover, samt dei nye oppgåvene Vestkystparken får ved regionsreforma. På styremøtet 5. april kom det forslag om å endre namnet til Skjærgårdstenesten Vest og at ein skal nytte felles nasjonal logo. Det

kom også innspel om felles uniformering. Styret ga saksførebuande utval mandat til å kome med forslag til endring av namn, logo og kommunikasjonsplan på styremøtet 30.8. Miljødirektoratet viser til at det ikkje finnast eigen kommunikasjonsplan for Skjærgårdstjenesten, og dei viser skepsis til endring av namn då Vestkystparken omhandlar mykje meir enn Skjærgårdstjeneste pr. dags dato. Utviklinga av nye oppgåver for Skjærgårdstjenesten som naturoppsyn og skjøtsel, samt den samla sjø- og landbaserte ordninga på Vestlandet bør takast med i vurderinga av evt nytt namn. Forslag til form og innhald til kommunikasjonsplan vert lagt fram på styremøtet.

Sak 6/2018: Fjerning av føringar for båtbasert drift for å vere ein del av Skjærgårdstjenesta

v/Hans Olav

Resultatet av handlingsprogram for friluftsliv, marin forsøpling samt utvidinga av Skjærgårdstjenesten har aktualisert debatten om eit evt behov for oppmjuking av dei gjeldande føringane kring båtbasert drift i Skjærgårdstjenesten – jmf. Jæren friluftsråd si rolle i samarbeidet. Sett i samanheng med at det er viktig å skape ein berekraftig modell for maritim forsøpling. Styret vedtok at saksfremjande utval utarbeider forslag til modell for skjærgårdstjenesta til neste styremøte 30.8, både for oppgåver og tilskotsfordeling. Problemstillinga leggjast fram som eige diskusjonspunkt.

Sak 7/2018: Vurdering av fordelingsnøkkelen - Lage forslag til endring/ justering

v/Thorsten

Orienteringssaker

1. Status om krav til utstyr og sertifikat for arbeidsbåtar i Skjærgårdstjenesta
2. Rapport frå deltaking på sikkerhetskonferanse i Haugesund

v/Hans Olav

v/ Oddvin/Åge